

Saksnr: 2019/59-8
Saksbehandlar: Marielle Solheim

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet		25.11.2019

Forskningsprosjekt om aldersvennlege omgjevningar - invitasjon til open dag**Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Samandrag

Senter for omsorgsforskning, vest, har invitert fylkeseldrerådet til å ta del i open dag 9. desember 2019. Denne opne dagen er del av eit større internasjonalt forskningsprosjekt med sosialantropologisk tilnærming til aldersvennlege omgjevningar.

Bertil Søfteland
leiar politisk sekretariat

Marielle Solheim
administrativ sekretær

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Senter for omsorgsforsking, vest, ved Høgskulen på Vestlandet, er med på eit internasjonalt prosjekt som har fokus på aldersvennlege omgjevningar. Kort prosjekttale på norsk ligg vedlagt, og utfyllande informasjon finnast på [prosjektet si heimeside](#) (direktelenkje).

Det internasjonale forskarteamet skal på feltbesøk til Bergen i veke 50. Måndag 09.12.19 arrangerer dei open dag, der det internasjonale teamet kan møte ulike interessentar. Fylkeseldrerådet i Vestland er inviterte til denne opne dagen som deltakarar. Til orientering har fylkeseldrerådet i Hordaland vore involvert på eit tidlegare tidspunkt, og leiar i rådet stiller med innlegg.

Merk at mykje av dialogen vil vere på engelsk.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Regional planstrategi: Ikkje relevant.

Konklusjon

Fylkeseldrerådet vert no bedne om å ta stilling til kven som skal ta del på open dag, og kva kostnader som ev. skal verte dekkja av fylkeseldrerådet sitt budsjett.